

## Detaljreguleringsplan for E134 Bøgrend - Særensgrend, Vinje kommune

---

Føresegner til reguleringsplan per 27.06.24 - høyring

Detaljregulering

PlanID: 20220003

Forslagsstillar: Statens vegvesen, DOV, Plan og utbygging sør

### 1 Planens føremål

---

- 1.1 Føremålet med planen er sikre areal for å kunne byggje ein trafikksikker og effektiv E134.

### 2 Fellesføresegner (pbl § 12-7)

---

#### 2.1 Generelt

Reguleringsplanen består av reguleringsplankart i målestokk 1:1000 og føresegnar. Plankart er nummerert frå R101 – R105.

#### 2.2 Landskaps- og terrengrøpinng (pbl § 12-7 nr. 1)

- a) Nytt veganlegg skal tilpassast eksisterande terren og omkringliggende landskap. Alle skjeringar og fyllingar skal avsluttast inn mot terren slik at overgangen mot eksisterande terren blir naturleg.
- b) Sideterrenget langs vegen skal revegterast. For areal langs veganlegget, skråningsutslag, gamle vegsløyfer og riggområder, skal det i hovudsak nyttast naturleg revegtering på strekningar med skog. Ved dyrka mark og kulturlandskap kan det nyttast sprøytesåing med frøblanding tilpassa staden.

#### 2.3 Handtering av matjord

Matjord innanfor anleggsområdet skal takast vare på og nyttast til attendeføring av område til dyrka mark, forbetrin av allereie dyrka mark eller nydyrkning. Det skal utarbeidast ein plan for handtering av matjord (matjordplan).

#### 2.4 Frisiktlinjer (pbl § 12-7 nr. 2)

Frisiktlinjer er vist på plankartet. Innanfor siktrekanten skal det ikkje vere sikthindringar høgare enn 0,5 m over tilstøytane vegbane.

#### 2.5 Støy (pbl § 12-7 nr. 3)

Bygningar med støyfølsamt bruksføremål som er utsette for støynivå  $L_{den} > 55$  dB frå ny veg, skal vurderast for lokale støyttiltak i byggeplanfasen jf. støyretningslinje T1442-2021. Oversikt over bygningar som skal vurderast nærare framkommer av tabell i støyrapport vedlegg 5.

#### 2.6 Kulturminne (pbl § 12-7 nr. 6)

Om det under anleggsarbeidet blir støytt på automatisk freda kulturminne, skal ein stoppe arbeidet snarast i den grad det vedkjem kulturmiljøet. Kulturvernmyndigheita (Telemark

fylkeskommune) skal straks varslast om funn jf. Lov om kulturminne § 8, 2. ledd. Fylkeskommunen avgjør snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunner tilseier det (jf. kulturminneloven § 8 andre ledd).

### 3. Føresegner til arealføremål (tbl § 12-5)

---

#### 3.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (tbl § 12-5 nr. 2)

##### 3.1.1 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Føremålgrensene mellom arealføremåla «Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur» kan justerast i samband med detaljprosjektering/byggteknisk plan og ved gjennomføring av anlegget. Høgdene på køyrevegane kan justerast. På strekninga Bøgrend – Lii kan høgdene på E134 justerast inntil +/- 1,0 m, mellom Lii – Særensgrend kan høgdene justerast inntil +/- 3,5 m i forhold til det som er vist i teikningshefte. Endringane må ikke gå ut over transportfunksjonen og trafikktryggleiken. Justeringar skal dokumenterast.

##### 3.1.2 Køyreveg

f\_KV11 er felles for gnr. 57 bnr. 5, 15, 19, 22, gnr. 54 bnr. 4,7 og andre rettshavarar.

##### 3.1.3 Gang- og sykkelveg

Køyring til eigedomen gnr. 25 bnr. 11 er tillat over o\_GS2.

Køyring til eigedomane gnr. 57 bnr. 25 og gnr. 57 bnr. 26 er tillat over o\_GS4.

##### 3.1.4 Annan veggrunn – tekniske anlegg

Området skal nyttast til annan nødvendig veggrunn, dvs. fyllingar, skjeringar, tekniske installasjonar, rekkverk, rabattar, murar, snødeponi mv som er nødvendige for drift av veganlegget.

##### 3.1.5 Annan veggrunn - grøntareal

Innanfor området kan det etablerast vegskjeringar, fyllingar og forstøtningar og sideareal til disse. Helling på fylling og skjering kan justerast.

Naudsynte tiltak for bygging og drift og vedlikehald av veganlegget som blant anna vegteknisk infrastruktur, tekniske installasjonar, snødeponi, murar, rekkverk, stabilisande tiltak, skjermar og -vollar, gjerder, leskur mv. er tillat.

Avkørsler, driftsavkørsler/driftsvegar kan førast gjennom arealet.

Gang- og sykkelveg kan byggast innanfor annan veggrunn.

## 4. Føresegner til omsynssoner (tbl § 12-6)

---

### 4.1 Sikrings, støy- og faresoner (tbl § 11-8 a)

#### 4.1.1 Faresone ras- og skredfare

H310 er regulert til omsynssone faresone ras- og skredfare. Det er fare for steinsprang fra Lienut. Det må gjennomførast sikringstiltak, eks. rensk/bolting jf. krav i handbok N200.

## 5. Føresegnområder (tbl § 12-7 nr. 1)

---

### 5.1 Føresegnområder – mellombels bygg- og anleggsområde, #1

- Områder merka med skravur for mellombels anleggs- og riggområde (#1) kan i anleggsperioden nyttast til verksemd som er naudsynte for anleggsdrifta.
- Mellombels bygg- og anleggsområde avsluttast når tiltaket er ferdigstilt, og arealet går attende til underliggjande føremål. Kommunen skal gjere vedtak om avslutning av mellombels bygg- og anleggsområde, jf. tbl §12-7, 1. ledd nr. 10 når dei har fått skriftleg melding om at anlegget er ferdigstilt.
- Overflata på alle områda skal settast i stand og tilbakeførast til underliggjande føremål.

### 5.2 Føresegnområde – vilkår for bruk av areal - terrengetilpassing, #2 - #6

- Områder merka med føresegnområde #2-#6 kan settast i stand/nyttast til følgande:
  - #2 – snuplass/parkering for buss
  - #3 – snuplass for skulebuss, tømmeropplagsplass
  - #4 – tømmeropplagsplass
  - #5 – tømmeropplagsplass
  - #6 - tømmeropplagsplass
- Områder merka #4 - #6 kan i anleggsperioden nyttast til verksemd som er naudsynte for anleggsdrifta.

### 5.3 Føresegnområde – krav om nærmere undersøkingar, overvakning og klargjering av verknader - #7

- Det skal takast prøver av jorda innanfor område #7 for å avklare om jorda er forureina.

## 6. Rekkjefylgjeføresegner

---

### 6.1 Matjordplan

Matjordplan skal vere utarbeidd før byggearbeid kan settast i gong.

### 6.2 Støy

Lokale støytiltak for bygningar med støyfølsamt bruksføremål skal vere avklart før byggearbeid kan settast i gong. Støytiltak skal vere gjennomført før veganleggjett kan ferdigstillast.

### **6.3 Ras- og skredfare**

Sikringstiltak som sikrar omsynsområde H310 skal vere gjennomført før veganlegget kan ferdigstillast.

### **6.4 Jordprøver**

Det kan ikkje settast i gong anleggsarbeid innanfor område #7 før det er avklart om området er forureina og evt. naudsynte tiltak er iverksett.

### **6.5 Mellombels bygg- og anleggsområde**

Under anleggsperioden skal anleggsbeltet mot gravhaugen ID304346 på eigedomen gnr. 23 bnr. 15 gjerdast inne med midlertidig gjerde av stålnett.

Mellombels bygg- og anleggsområde (#1) skal vere sett i stand til regulert bruk seinast 1 år etter at veganlegget er ferdigstilt. Dette gjeld òg for områda #4-#6 dersom dei er nytta til mellombels bygg- og anleggsområde.